

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien - nestleiar
Thor Hauknes - nestleiar , Kristian Hanto, Thomas Nilssen,
Ole Erik Feragen,

Tid: Fredag 7.februar kl.10-17

Stad: Møllergata 39, det store møterommet.

Referat

Styresak 2020/01 Innkalling og sakliste

Styresak 2020/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

Styresak 2020/03 Diverse godkjenningar LF 2020

Styresak 2020/04 Godkjenning av tevlingsplan og billettprisar LK 2020

Styresak 2020/05 Vidareutvikling av kappleiksadmin og utprøving på LK 2020

Styresak 2020/06 Folkemusikk: Vedtekter og ansvarsfordeling mellom eigar og redaktør. Utsatt til neste møte

Styresak 2020/07 Representasjon på årsmøta i områdelaga

Styresak 2020/08 Frifond - oppretting av feil (alt handsama per e-post)

Styresak 2020/09 Driftstilskot - strategi vidare

Styresak 2020/10 Honorering og tappt arbeidsforteneste

Styresak 2020/11 Revidert budsjett 2020

Styresak 2020/12 Innspel til retningsliner for programleiarar på LK og LF

Styresak 2020/13 Oslofjord Convention Center

Styresak 2020/14 Utnemning av heidersmedlemmer

Styresak 2020/15 Eventuelt

Styresak 2020/01 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2020/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

a) Driftsrapport per 30.01.20

a. Rådgjeving/Opplæring/service

- i. Vi har fordelt midlar til Dansearrangement i 2020. Det kom inn 11 søknadar, og alle prosjekta fekk tildelt midlar.
- ii. Vi har søkt om momskompensasjon for både lokallag, områdelag og sentralledd. Kompensasjonen var på til saman kr. 1 071 780,- (inkl. Sentralleddet) og vart utbetalt i desember 2019.
- iii. Vi har orientert om ulike søknadsfristar og seminar til medlemmene våre.

b. Formidling og arrangement - oppsummering:

i. Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:

1. Har oppdatert dei digitale flatene til årets arrangør.
2. Har hatt opplæring av lokal informasjonsansvarleg.

ii. Folkelarm

1. Har evaluert Folkelarm 2019.
2. Skrive rapportar til tilskotsytarar for 2019.
3. Har oppdatert nettsider og SoMe til rette datoar.
4. Har opna for søknader på showcaser.
5. Har bestemt priser og opnar snart for sal av delegatpass.
6. Vi har hatt eit møte med Hallgeir Frydenlund frå Kulturtanken om korleis vi kan få produsentane i dei ulike kommunane til å sjå på Folkelarm som ein arena der dei kan finna framsyningar eller musikarar dei kan bruka i egne framsyningar.
7. Vi har avtalt med Tønderfestivalen at vi skal halda fram samarbeidet med artistutveksling.
8. Vi har hatt møte med TEMPI om delegatar til Folkelarm og avtalt å halde fram samarbeidet.

iii. IntroFolk

1. Har laget reklame for påmelding til sosiale media, og sendt ut direkte til nokre unge artistar.
2. Vi har hatt møte med GRAMO og avtalt same vilkår for samarbeid som sist.
3. Vi har snakka med Riksscenen og avtalt same vilkår for samarbeid som sist.
4. Vi har lansert konkurransen og fått nokre påmeldingar

iv. Meisterkonserten i operaen

1. Vi har hatt to møter med Operaen om Meisterkonserten 2020. Fyrste møte var i desember 2019 og så eit teknisk møte i januar 2020.

c. Informasjon og opplysning - oppsummering:

i. Folkemusikk - magasinet:

1. Folkemusikk nr. 1/2020 er i produksjon, og blir publisert i veke 7.

2. Norsk kulturråd (Kulturfondet) løyvde i desember Folkemusikk midlar for to år: kr 565 000 for 2020, kr 595 000 for 2021.
3. Podkast: Planen no er å lansere podkastserien («sesong 1») på NFLs seminar på Rauland i mars.

ii. Anna informasjonsarbeid

1. FolkOrg.no

- a. Har tatt vekk en del gamle artiklar og strukturert noko av stoffet på nytt.
- b. Har hatt opplæring med fleire tilsette i bruk av nettsida.
- c. Laget annonse for FolkOrg til Folkemusikk 1/20 - fokus på utlysning av Landskappleiken og Landsfestivalen de neste 5 år
- d. Laget reklame for utlysning av LK og LF til sosiale medier
- e. Lagt ut artikkel og delt på Facebook ang "Nei til Folkelarm" - saken
- f. Har fått status frå nettsideleverandøren ang Folkartist.no sida, det er klart for vidare arbeid her.

2.

d. Påverknad/samarbeid - oppsummering:

- i. Har hatt møte med dei daglege leiarane i Norsk jazzforum, Norske konsertarrangører og Klassisk for å finne strategi for å få flytta plasseringa av driftstilskotet vårt.
- ii. Har hatt møte med Music Norway for å gi innspel til deira innspel til den nye strategien for kultureksport som skal utarbeidast.
- iii. Hatt førebuaende møte om Arendalsuka og kva vi skal gjere der.
- iv. Har vore med i arbeidsgruppa som skal lage innspel til statsbudsjettet 2021 frå Arrangørforum, og har laga utkast til innspel.
- v. Har skrive tilsvar til Anne Hyttas innlegg i Klassekampen: "Ja til folkemusikkfestival! Nei til Folkelarm." Vårt tilsvar stod på trykk i Klassekampen måndag 27.januar.

e. Særskilde satsingar

i. Rekruttering

1. Vi skal ha møte med Dextra Musica måndag 3.februar.

ii. Informasjon / formidling / dokumentasjon

1. Vi har hatt nytt møte med NRK for å arbeide for å få fleire program med folkemusikk og folkedans i NRK.
2. Vi har sendt e-post til kulturredaktør i NRK Marius Hoel om alle programma som er forsvunne frå NRK sitt opne arkiv.

iii. Det profesjonelle feltet

1. Vi har hatt møte i styringsgruppa for TONO og opphavsrett. Professor i opphavsrett, Olav Torvund, har utarbeida ein rapport der han belyser temaa rundt TONO og opphavsrett. Rapporten er ikkje ferdigstilt enno.

b) Førebels rekneskap 2019

c) Protokoll frå representantskapsmøtet på Førdefestivalen

d) Endringar i NRK-arkivet - kva gjer vi?

Vedtak:

Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med desse merknadene:

- a) Tilleggsinformasjon:
 - a. Vi har hatt eit positivt møte med Dextra Musica der vi drøfta vidare samarbeid etter at denne prosjektperioden med rekrutteringsprosjektet er ferdig i 2020.
 - b. Vi har fått tilskot av spelemidlar frå Color Line på kr 250 000.
 - c. Vi skal ha stand på Noregs Musikkhøgskule under deira karrieredag.
 - d. Vi har hatt besøk frå to representantar frå Irland. Dei arbeider med å etablere ein organisasjon for folkemusikk der og dei ville høyre våre erfaringar. Vidare vil den norske ambassaden i Irland prøve å få til eit samarbeid mellom norske og irske folkemusikarar.
- b) Ingen særskilde merknader.
- c) I tillegg til å ta protokollen frå Førdefestivalen til orientering, kunne Kristian Hanto orientere frå årsmøtet i Telemarksfestivalen, der han representerte FolkOrg. Styret Telemarksfestivalen hadde gjort framlegg om vedtektsendring som kunne oppfattast som ei utvatning av folkemusikkprofilen. Den vart ikkje vedteke.
- d) Dei folkemusikk- og folkedansprogramma NRK hadde fjerna på nettsida, vart lagt ut at etter at vi forklarte kulturredaktør Marius Hoel kva konsekvensar det har for miljøet. Vi opplever å ha ein veldig god dialog med NRK for tida.

Styresak 2020/03 Diverse godkjenningar LF 2020

Vedtak:

- a)

Deltakaravgift på Landsfestivalen på Fron 2020

Deltakaravgift pr. deltakar pr. klasse	Senior	Junior
1.gangs deltaking tilbud (1.-31. mai)	300	150
2.gangs deltaking (1.-31. mai)	200	50
Ordinær påmeldingsavgift (1.- 30. juni)	400	250
2.gangs deltaking (1.-30. juni)	300	150
Deltaking ut over 2 startar	0	0

- b) Billettprisane for Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2020 er godkjent.

- c) Premiebudsjetten for Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2020 er godkjent.
- d) Tevlingsplanen er godkjent. Men det er viktig at ikkje juniorane skal starte klassane. I tillegg kan det sjå ut til at det er litt knapt med tid i finalar i lagspell og gruppespell.

Styresak 2020/04 Godkjenning av tevlingsplan og billettprisar LK 2020

Vedtak:

- a) Billettprisane til Landskappleiken 2020 er godkjent, men om lokal arrangør ønskjer dagsbillettar til kr 300, slik dei har på LF, er det også godkjent av styret.
- b) Det vart gjort nokre endringar i tevlingsplanen som vi legg fram for lokal arrangør.

Styresak 2020/05 Vidareutvikling av kappleiksadmin og utprøving på LK 2020

Vedtak: FolkOrg ønskjer ikkje å gjere vidareutvikling av kappleiksadmin til LK 2020, slik at ein kan ha digitale dommarskjema. Ei slik endring må FolkOrg sitte i førarsete på og det må prøvast ut grundig før vi eventuelt tek det i bruk.

Styresak 2020/06 Folkemusikk: Vedtekter og ansvarsfordeling mellom eigar og redaktør.

Saken vart utsett til styremøte 2020/02.

Styresak 2020/07 Representasjon på årsmøta i områdelaga

Vedtak:

Desse representerer FolkOrg på årsmøta i områdelaga:

- Hedmark folkemusikklag: Liv Annette Nygjerdet.
- Buskerud folkemusikklag: Solfrid Gjeldokk
- Gudbrandsdal folkemusikklag: Hilde Reitan eller Camilla Granlien (dato ikkje sett).
- Hordaland folkemusikklag: Silje Solberg ?
- Møre og Romsdal folkemusikklag: Elin Grytting? Alternativt Ole Erik Feragen eller Liv Annette Nygjerdet.
- SAFFA: Thor Hauknes

- *Sogn og fjordane folkemusikklag: Elin Grytting?*
- *Telemark folkemusikklag: Kristian Hanto.*
- *Valdres folkemusikklag: Kjellbjørn Karsrud?*

Styresak 2020/08 Frifond - oppretting av feil (alt handsama per e-post)

Vedtak:

FolkOrg oppfordrar dei sju laga om å søke Frifond kompetanse, og FolkOrg stiller med garanti om at dersom dei ikkje får søknaden innvilga, så får dei stønad frå oss tilsvarande driftsstønaden etter fordelingsnøkkelen på 814 kr. Vi kan også hjelpe til med søknadsskrivinga for dei som ynskjer det. På den måten gir vi søkjarane ein viss grad av føreseielege økonomiske vilkår, og dei vil i tillegg ha moglegheit til å få meir stønad enn kva dei hadde fått gjennom Frifond organisasjon.

Styresak 2020/09 Driftstilskot - strategi vidare

Vedtak:

FolkOrg sender søknad om driftstilskot til Kulturdepartementet i tillegg til Kulturrådet.

Styresak 2020/10 Honorering og tapt arbeidsforteneste

Vedtak:

- a) Vi utarbeider sak til landsmøtet i 2021, der vi ser nærare på modellen for honorering av styret og om vi skal halde fram med å betale tapt arbeidsforteneste.*
- b) Dersom representantar frå AU deltek i arbeidsgrupper kan det betalast møtehonorar i tillegg til det faste årlege honoraret. Det skal vurderast frå sak til sak om det er arbeid som kjem i tillegg til det som er forventa av ein representant i AU. Når det gjeld forprosjektgruppa for 100-årsjubileet, er det eit arbeid der dei to nestleiarane skal ha ekstra honorar.*

Styresak 2020/11 Revidert budsjett 2020

Vedtak:

Framlegg til revidert budsjett 2020 blir vedteke. Abonnementsprisane på Folkemusikk prisjusterast slik det er gjort framlegg om. Vi justerer prisane for meisterkonserten slik at den dyraste billetten er på kr 599.

Styresak 2020/12 Innspel til retningsliner for programleiarar på LK og LF

Vedtak :

Nest siste kulepunkt endrast til: Introdusere alle med respekt, uavhengig av kjønn, alder, tidlegare resultat og bakgrunn.

Styresak 2020/13 Oslofjord Convention Center

Vedtak:

- a) FolkOrg ønskjer først og fremst å arrangere Landskappleik på tradisjonelt vis med lokallaga våre som lokale arrangørar. Dersom det skal bli trong for å finne alternative arrangørstader på grunn av manglande søknader frå lokallaga, vil vi eventuelt ta kontakt med Oslofjord Convention Center for å finne ei løysing.*
- b) Styret ønskjer difor ikkje å legge styremøte til Oslofjord Convention Center i denne omgang.*

Styresak 2020/14 Utnemning av heidersmedlemmer

Saken vart utsett til styremøte 2020/02.

Styresak 2020/15 Eventuelt

- a) Representasjon frå styret på LK og LF**

Vedtak:

Styret er representert med desse under Landskappleiken på Rjukan:

- 1. Camilla*
- 2. Thor*
- 3. Hilde*
- 4. Kristian (med Thomas som standin)*
- 5. Eventuelt Silje eller Kjellbjørn*

Styret er representert med disse under Landsfestivalen i gammaldansmusikk på Fron:

- 1. Hilde*
- 2. Thor*
- 3. Thomas (med et lite forbehold)*
- 4. Silje, Kjellbjørn eller Ole Erik.*